Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering

Oppskr. av: Rudt. Oma

(adresse): Omastrand

Fylke: Hordaland

Herad: Strandebarm

Bygdelag: Omastrand

Gard: Oma

G.nr. 38 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle. Bur på Oma. 72½ år, h. v. lærar.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja. Vass-sel. Kjenner berre den fyrstnemnde type. d: den kvilte på bae akslene med utholå opening for halsen midt på oket. Tog (tau) med krokar av brake (eine) har og vore i bruk – og gamlekkja med jarnkrokar, helst. Har ikkje høyrt noko ser namn utan „Vasselkrok". Sinkbytter frå omlag

2. Nei, det er ukjent her.

3. Nei, — — . —

4. Som regel kona, eller gjenta dersom der var tenestgjenta; men elles hjelpstest dei med vassberingi. Budeigja hadde nok alltid vassberingi til floa (fjøs), det høyrde fjosstellet til. Var husmori budeigja sjølv – som ofte hende – laut ho som regel bera vatnet, dersom ikkje det var so store born at dei kunde greia det. –

5) På altfor mange gardar er det i bruk enno dimme. Men dei fleste gardsbruk har no fått innlagt vassleidning til bunadshus og fjøs.

6. I turre somrar eller når vassleidningane frys i kalde-bolkar om vinteren, er det ikkje so få som må köyra vatnet i tunnor eller stampar. Då legg dei gjerne ein botn eller eit kjerald oppi vatnet; det skal hjelpa mot skvalpingi. – Ikkje vassvogn her.

1137

7) Det må seiast at det i stor utstrekning er innlagt vass-spring i "fjøs og kjøkken" her i grendi og i bygdi no. I hovud=grendi kring Strandebarm kyrkje og næraste gardar arbeidar dei f. t. med eit vass-verk.

Omna 8/1-48.

Andr. Omna

1137
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Hordaland.
Strandebarm.

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på sama ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Karet hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Nei



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Nei.

Oma 13/10-48

Ant. Oma

2084
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING